

Aksjonen på morgonkvisten for å få færre til å stoppa i busslomma går vidare og politiet følgjer opp med kontrollar.

Måndag ettermiddag hadde dei fartskontroll i det aktuelle området og ein bilførar som køyrde i 58 kilometer i 50-sona fekk førelegg på 1.600 kroner.

Kontrollen galdt dei som kom sørfrå og gekk føre seg rett før busslomma.

Med unnatak av den eine var det fin køyring, men det blir varsla fleire kontrollar ved fotgjengerfelt rundt om i kommunen framover.

Politibetjent Torgeir Fosse seier til Kvinnheringen av kvinnheringane ikkje er flinke nok til å ta omsyn ved fotgjengarfelt.